



SUNNHORDLENDINGEN

MEDLEMSBLAD FOR POSTPENSJONISTANE I SUNNHORDLAND
Våren 2021

Gode medlemmer!

Takk for sist til dei eg møtte på julemøtet. Vi var samla 20 stk. på Stord Hotell- alt i koronasikre former. Det vart ei hyggjeleg stund med god mat etter dei tilhøva som var. Vi sakna sjølv sagt innslag med underhaldning. Kulturskulen kjem sterkt tilbake ved eit seinare høve.

Årsmøtet måtte dessverre gå ut som fysisk møte. Det var uvandt å ta det digitalt, men heile 22 medlemmer nytta seg av retten til å røysta. De finn protokoll etter årsmøtet lenger nede. Det siste no er at også Landsmøtet for postpensjonistane vil gå digitalt. Det skal avviklast over Zoom 07. - 08.06. Vi hadde prøvemøte no 20.5. slik at alle fekk sjå korleis det virkar. Det vert lange dagar framfor skjermen – men eg er veldig glad det vert slik. Eg kjende i heile meg at eg ikkje hadde lyst å reisa til Lillestrøm slik tilhøva er på Austlandet nett no. De som er på nett kan finna alle landsmøtepapira på postpensjonistene.no under dokument. Eg ser fram til å få 2. vaksinedose den 03. juni. Dei fleste av oss er vel no fullvaksinert. Vi reknar med at turen til Halsnøy kan gå ein dag i september. Det vert buss frå/til Ranavik. Øyvind Særsten lova å vera turleiar i 2020 – eg reknar med at han tar oppgåva også i 2021. Han brukar å vera guide på bussturar rundt på øya så her kjem vi i gode hender. Det store spørsmålet nett no er om Dill kan ta imot oss til middag, men mat må det bli når vi er på tur.

Det har vore ei trasig tid. Eg håpar alle har gått klar koronaen og elles fått vera friske. Vi har det trass alt godt i landet vårt. Uskedal kyrkjelyd har ein skule/barneheim i Umred, India som misjonsprosjekt. Eg besøkte dei i januar 2020, ei fantastisk flott oppleving. Vi fekk verkeleg sjå kor godt hjelpe vi sender vert utnytta. No får dei handla mat mellom kl. 07.00 og 11.00. Utanom den tida er det portforbod. Politiet patruljerar i gatene for å sjå at portforbodet vert overhalde. Når dei ikkje får gå ut kan dei heller ikkje arbeida. Arbeidet kan vera små oppdrag innanfor bygg og anlegg eller tiggung frå reisande. I desse tider er dei reisande heilt borte. Fylgjeleg har dei ikkje pengar til mat. No har nett pastoren ved skulen og familien hans hatt matutdeling til ein del av dei som treng det mest. Når temperaturen er ca. 40 grader om dagen og knappe 10 grader mindre om natta kan ein berre tenkja seg korleis det må vera i dei tronge husa utan straum og vatn.

Hos oss ser det lysare ut. Dagane er lange og lyse sjølv om det endå er i kaldaste laget. På fjesboka såg eg at varmebassenget vil opna 23.8.21, berre det fekk humøret mitt opp mange hakk. I fleire år har eg sagt at det er varmebassenget som held musklane mine oppegåande. Når det også nyleg kom melding om at pilgrimsvandringa over Dovre til Kristinspelet vil gå som planlagt, sjølv sagt med solid smittevern og krav om vaksinerte deltakarar, er sumarturen min berga. Trygdeoppgjeret vart også godt slik at det ikkje vert nedgang i kjøpekrafta dette året. Alt vil bli bra. God sumar alle saman. Eg håpar å sjå dykk på Halsnøy i september.

Masse helsing frå Eli



POSTENS PENSJONISTFORBUND
Postpensjonistane i Sunnhordland
Org.nr. 998 328 322

PROTOKOLL, ÅRSMØTET 2021

Årsmøtet var sett til 10.02.21. Årsmelding, arbeidsplan og forslag om endring av vedtektene, lokal del vart sendt 08.01.21 – e-post til dei som hadde det og på papir til dei andre. Møtet måtte avlysast pga. korona.

Nytt møte vart sett til 14.04.21. Heller ikkje denne datoen kunne møtet gjennomførast med fysisk oppmøte. Det vart difor avvikla digitalt. Årsmelding, rekneskap, endring av vedtektene våre, arbeidsplan for 2021 og forslag frå valkomitéen vart sendt til alle med e-postadresse med oppfordring om å røysta ved bruk av e-post.

Utgangspunkt for røysting var sakliste for årsmøtet:

Godkjenning av innkalling.

Godkjenning av sakliste.

Årsmelding.

Rekneskap som var revidert og funne i orden.

Forslag frå styret om å ta lokal del vekk frå vedtektene.

Arbeidsplan for 2021.

Forslag frå valkomitéen ved Marianne Helseth, Jostein Helland og Bjørg Borrevik.

Ny valkomite: Jostein Helland, Bjørg Borrevik og Svein Onarheim.

Til å underskriva protokollen foreslo styret Ansgar Bjelland og Ingrid Helland.

Det vart purra etter stemmer ved Sms.

22 personar nytta seg av retten til å røysta. Dei røysta alle JA til å godkjenna årsmøtet slik forslaga var lagt fram.

Uskedalen 15.04.2021

Eli Roseth Eik
Leiar

Ansgar Bjelland

Ingrid Helland

Styret er samansett slik:

Leiar Eli Roseth Eik	Tlf. 95786228 Epost: elireik@hotmail.com
Nestleiar/skrivar unn Sara Spissøy	Tlf. 90780345 Epost: unnsara.spissoy@gmail.com
Økonomiansvarleg Kari Tysnes Kjos	Tlf. 91566184 Epost: karitysneskjoes@gmail.com
Styremedlem Gerd Waage Skålevik	Tlf. 95454628 Epost: gerdskaalevik@gmail.com
Styremedlem Mikal Saltvik	Tlf. 92083745 Epost: mikal.saltvik@sklbb.no
Varmedlem Odd Egil Solberg	Tlf. 90179428 Epost: odd.egil.solberg@sklbb.no
Varmedlem Berit Bergsvåg	Tlf. 90046897 Epost: berit.bergsvag@sklbb.no

Turkomiteen: Odd Egil Solberg, Tlf. 90179428 og Aslaug Tvedte, Tlf.95497773 **Aslaug ynskjer no avløyning. Styret blir veldig glad dersom nokon kan tenkja seg dette vervet. Berre ta kontakt med einkvan i styret.**

Nytt medlem:

Arnhild Sletteskog Lunde frå Lundegrend er kome med i laget vårt. **Vi ynskjer henne hjarteleg velkomen.** 2 medlemer har meldt seg ut.

Hagerupshuset: Treffdag er 3.torsdag i månaden.

Vi ynskjer jubilentane vår hjarteleg til lukka med dagen, nokre på etterskot og nokre på forskot.

90 år

Birgit Haldorsen – 12.5.

85 år

Arvid Teige – 09.02.
Jenny Aarskog – 07.04.
Ansgar Bjelland – 17.06.
Hans Kristian Furevik – 24.06.

80 år

Johan Nøstvåg – 30.01.
Målfrid Nøstvåg – 28.07.

75 år

Roald Håkon Eik – 27.04.
Björg Lillian Meland – 10.06.
Mikal Saltvik – 17.08.

70 år

Lars Sortland – 14.04.
Gerd Waage Skålevik – 31.05
Gerd Synnøve Røvdde – 18.06.

65 år

Endre Johannes Solheim – 02.01.
Liv Berit Roseth Solberg – 02.02.
Gun Jane Thorsheim – 25.04.
Helen Møllerup Skaten Hystad – 18.05.
Berit Bergsvåg – 19.07.

Vi minner om Grasrotandelen.

Vi håpar de vil gje laget vårt dykkar del.

Då må de oppgje org. nummeret vårt **998 328 322.**

Grasrotandelen er på 7.0% Vi har no 5 gjevarar som har utløyst kr. 2645,85 i tilskot så langt i 2021. Vi håpar sjølvstags på fleire gjevarar som vil auka tilskotet til kassen vår.